

Preike på juledag 2019, Oslo domkirke

Joh 1,1-14

God jul til alle! Fred på jorda og lys over liva våre!

Vi feirar at Jesus er født her på jorda. Han er lyset som skin i mørkret, høyrdde vi.

For det er ei mørke som omgir oss. Dette er eit år der vi har opplevd terrorangrep både mot synagogar, moskear og kyrkjer. I Nordsyria og i Jemen er mange tusen menneske på flukt frå bombing. Tørke og oversvømmelse og forureinsing gjer livet uleveleg på delar av vår felles verden.

Alt dette driv menneske på flukt. Og vi veit ikkje om vi greier å ta inn over oss kva som skjer med jorda og klimaet framover. Fleire er redde og uttrygge på framtida. Og nokon av oss har venner og kjente som er einsame, nokre som opplever at alt er mørkt, og fleire er i ferd med å gå inn i det store mørkret,  
der dei ikkje lenger kan hugse korkje kva som her skjedd, eller kven dei er.

Eg trur mørkret som i ulike former kviler over jorda, er noko av grunnen til at mange av oss har eit nesten fysisk behov for å tenne lys i denne tida, vere saman, synge kjente songar og gjere ting saman vi har gjort før. Sette lys og stjerner ut i vindauge, slik at vi kan orientere oss og finne fram, og for å vise at vi er fleire her.

Når vi høgtideleg terner våre lys, kallar vi det også for «levande lys». Lyset blafrar og er i stadig forandring og viser på det viset at det er ein nær samanheng mellom liv og lys.

Dagens evangelium seier det på ein poetisk måte: «livet var lyset for menneska».

La de merke til at heile denne evangelieteksten som Andrea Bræin Hovig las, starten på Johannesevangeliet, er eit dikt? For meg er det ei kraftig påminning om at vi treng poesi, dikt og kunst, musikk og bilde, i desse tider

-ikkje for å drøyne seg bort til ein annan stad, men nettopp for å sjå det som er

på ein sannare måte,

og få visjonar om ei mogleg framtid.

For vi treng heile tida, når mørkret trugar, å nye måtar å sjå på, nye «ways of seeing» (som det heiter på engelsk).

I Jon Fosse sin nye romanserie er hovudpersonen Asle ein malar som funderer mykje på forholdet mellom mørker og lys, og korleis begge er avhengige av kvarandre, (som eit lysande mørker) og for Asle er jula nettopp ei feiring av at lyset kom til verda

Eg las ut boka «Det andre namnet» nettopp, - noko gjer vondt.

Men under og gjennom det heile driv denne hovudpersonen Asle og målar lyset fram

- Og forheld seg til det på ein måte som gjer at det og kjem til meg. Han tenkjer med seg sjølv: «...men svart, ja, korleis skulle eg vel ha klart å måla bileta mine utan å nytta svart? Nei det

skjønar eg ikkje for det er i mørkret Gud bur, ja Gud er mørker, og dette mørkret, Guds mørker, ja dette ingenting, **ja det lyser**, ja det er frå Guds mørker at lyset kjem, det usynlege lyset, tenkjer eg. (...). Men eigentleg kan ikkje lyset sjåast, *kanskje*, eller er det berre eg som kan sjå det, ikkje andre? Eller kanskje kan og somme andre sjå det?...».

---

At noko er poesi, betyr slettes ikkje at vi slepp å lese det nøye, kvart om det betyr at kvart ord kan vere lada med meinings. For nokre veker sidan fekk eg vere med på å opne den tradisjonelle stallen utanfor Oslo S, som Kirkens bymisjon set opp. I år var stallen ein lavvo, eit telt altså.

*Og Ordet ble menneske  
og tok bustad iblant oss, høyrdde vi.*

Det spennande er at når ein les den greske grunnteksten, heiter det «slo opp sitt telt blant oss».

Eit telt altså, ein *lavvo* som når det kjem heim til den samiske kulturen og språket. Ikkje nokon fast bolig altså, men ein midlertidig stad, for folk på vandring, eller på flukt. Og det er jo slik Jesus blir framstilt i alle evangelia, som ein som stadig er på vandring, som kryssar grenser, stadig i møte med nye folk, og sjølv utan ein fast stad å kvile hovudet på.

Gud kjem til oss og slår opp teltet sitt mellom oss. **Kom du som vandrar, frys, tilfeldigvis er her**, teltet er her! Kanskje eit telt i solidaritet med dei som ikkje har noko anna å sove i. Når teltet slås

opp er Gud på ferde, for å gi vern til verjelause, menneske som er på vandring og som av ulike grunnar har måtte bryte opp.

Å finne ut meir kva det er følgje etter Jesus og prøve å dele Guds haldning mot mørkre og vondskapen, er stadig noko vi må øve oss i. Og då kan vi bli oppmuntra og inspirert av dei som har gått føre oss: *Desmond Tutu*, han som stod på denne talarstolen for 19 år sidan. *Frans (den eldre og den yngre), Maria Magdalena, apostlanes apostel.*

Det er jo sagt mykje om min utmerka forgjengar, Gunnar (Stålsett), i den siste tida. Eg er som biskop stolt av, men ikkje overraska over det sivile motet han har vist. Det som har gjort mest inntrykk på meg er at heilt ulike sider av kyrkjefellesskapet støttar Viste og Stålsett. Det er befriande og gir håp om at vi av oss sjølve, når det kjem til stykket, er einige og kan arbeide godt saman. At kyrkja i praksis er romslegare og rausare og har meir til felles enn det ser ut i teorien. Jula sitt evangelium, at Gud ikkje gjer forskjell på folk, peikar jo på alle dei grensene vi set opp, rundt liva våre og rund landområde, ikkje er rissa inn i fjell. Dei treng ikkje å bli murar eller uoverstigelige gjerder, men poesi som kan opne opp for nye måtar å sjå og å leve på. Det blir jo tydleg når vi, som i dag, gjer bruk av den nikenske truedkjennings, der vi, inspirert av dagens evangelium, lovsyng Jesus som «Gud av Gud, lys av lys».

Ære være ....